

Trond Haga Taxi  
Tyssevegen 107  
5650 TYSSE

Haga 26.10.22

Samnanger kommune  
Tyssevegen 217  
5650 Tysse

## **EVALUERING AV ORDNINGA MED «SVINTASKYSS» - OPPSEIING AV SAMARBEIDSAVTALE**

Vedlagt følger grunnlagsdokumentasjon for evaluering av prøveordninga med «Svintaskyss» slik kommunestyret i møte 7. april i år har bede om.

Oppsummert syner dokumentasjonen at ordninga i all hovudsak har tent som transport til og frå dagsenteret på Haga. Det har blitt køyrt til dei fleste delane av bygda. Unge mellom 15 og 18 år har i liten grad nytta seg av tilbodet. Det har berre vore 8 turar i prøveperioden på 6 månader for denne gruppa.

Trond Haga Taxi erkjenner at ordninga ikkje kan halda fram på dei økonomiske vilkåra som ligg til grunn for avtalen. Løna til sjåførane, som etter tariffavtale er omsetningsbasert, blir for låg. Tariffavtalen i taxinæringa er basert på normalprisar. For å retta opp i dette, må normalprisar leggest til grunn for løna. Det vil etter noverande avtale føra til tap for firmaet. Trond Haga Taxi ser seg etter dette nøydd til å sei opp samarbeidsavtalen om «svintaskyss» slik han no ligg føre.

Det er ikkje avtala særskild oppseiingstid utover at dette har vore ei prøveordning frå 1. april og seks månader framover. Prøveordninga gjekk såleis ut 1. oktober. Trond Haga Taxi seier med dette opp samarbeidsavtalen om «Svintaskyss».

For at det skal vera tid til å finna erstatningsordning for transport til dagsenteret, vil rimeleg verknadsdato for oppseiinga vera 1. desember.

Trond Haga Taxi takkar for samarbeidet.

Med vennleg helsing

  
Trond Haga

<b>SAMNANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN</b>	
SAK NR. ....	J.NR. ....
01 NOV. 2022	
EMNEKODE: .....	
OBJEKTkode: .....	
SAKSH .....	GRADERING.....